



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Arild Hope
Nore Fusa viltlag
Kalven 250
5642 Holmefjord

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/51827	25/18250	Linda Hovde Nordås - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		22.06.2026

Delegert sak

Styre, råd, utval	Sak nr
Plan-, bygg- og miljøutvalet	506/2026

Melding om vedtak – Godkjenning av bestandsplan – Nore Fusa viltlag Bjørnafjorden kommune

Vedtak

Bjørnafjorden kommune godkjenner endring av vald og ny bestandsplan 2026 – 2028 for Nore Fusa viltlag med følgjande vilkår:

- Det blir innvilga moglegheit for overføring av 10 % løyver mellom år i bestandsplanperioden.
- Det vert innvilga fråvik frå minstearealet, slik at arealet per fellingsløyve vert 295,3 daa, i samsvar med søknaden.
- Om avskytinga ikkje oppfyller kommunale målsettingar i uttaket, til dømes ved at ein utnyttar kalvekvoteane (andelvis) for lite, kan kommunen trekkje attende godkjenninga av bestandsplanen. Det same gjeld ved skeiv avskyting på kjønn.
- Fellingsløyvet blir gjeve som frie dyr, som skal fordelast slik bestandsplanen skildrar.

Vedtaket er forankra i hjorteviltstrategien for Bjørnafjorden kommune og har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt og naturmangfaldlova.

Saksframstilling

Arild Hope har på vegne av Nore Fusa viltlag søkt om ny godkjenning av bestandsplan for perioden 2026 – 2028, og godkjenning av endring av vald. Det er kome inn ny søknad om bestandsplan grunna uttrekk av eigedomar/jaktfelt frå valdet. Det var opphavleg laga ny plan i 2025 for perioden 2025-2027.

Søknaden er innsendt innan frist 1. mai 2026.

Hovudmåla for bestandsplanen er følgjande:

«*Generelt;

Størst mulig avkastning av hjortestamma veid mot skader stammen påfører skog og innmark. Uttaket skal være i tråd med ein langsiktig forvaltning.

*Bestandsstorleik;

Ønsker ein svak reduksjon i bestanden i høve til noverande nivå.



**Kjønn- og alderssamansetning;*

Ein ønskjar høg produksjon i stamma, følgeleg må det skytast mye ungdyr.»

Det vert vist til søknad om bestandsplan for heilskapleg og utfyllande informasjon.

Vurdering

Nore Fusa villtag har søkt om godkjenning av ny bestandsplan for perioden 2026 – 2028. Opphavleg plan var for perioden 2025-2027, men grunna utmelding av eit større jaktfelt med eigedomar vart det naudsynt med ny godkjenning av bestandsplan. Planen byggjer på like målsetjingar som kommunen for utvikling av hjorteviltbestanden. Ved utarbeiding av plan for avskyting er det nytta tilnærma lik fordelingsnøkkel for reduksjonsfase som beskrive i Hjorteviltstrategien til kommunen.

Arealkrav

Arealkravet er oppnådd for villtaget som har totalt teljande areal på 11 810 daa (frå søknad). Minstekravet til Bjørnafjorden kommune for bestandsplan er 6 000 daa.

Det er ikkje gjennomført ei detaljert vurdering av heile det teljande arealet for valdet i denne saka, grunna avgrensa ressursar. Ein fullstendig gjennomgang vil bli gjennomført ved digitalisering av valdgrensene i kommunen. Valdet må rekne med at det teljande arealet kan bli noko justert etter at denne gjennomgangen er ferdigstilt.

Arealet til jaktfeltet som ikkje lenger er ein del av valdet, er trekt ut av berekningsgrunnlaget.

Totalt tal teljande areal for valdet vil endrast i hjorteviltregisteret til 11 810 daa.

Vurdering av avskytingsplan

Kommunen er inne i ein reduksjonsfase for hjorteviltbestanden, med mål om å nå eit berekraftig bestandsnivå. Dette er i tråd med kommunen sitt mål om å redusere konflikhtar knytte til landbruk, trafikk og påverknad på økosystemet.

Valdet har etter gjeldande rammer ei årleg tildeling på 39 fellingsløyve, som over tre år utgjør 118 løyve. Minstearealet i kommunen er fastsett til 300 daa. Det er lagt opp til 40 løyve årleg; dette tilsvarer eit minsteareal på 295,3 daa når ein legg til grunn godkjent teljande areal. Samla tal på løyve for femårsperioden er 120.

Kommunen vurderer at framlagt avskytingsplan i tilfredsstillande grad følgjer opp målsetjingane i den kommunale hjorteviltstrategien. Planen legg til rette for naudsynt bestandsreduksjon og vil bidra til å redusere konflikhtar knytte til arealbruk innan landbruks- og skogbruksnæringa. Reduksjon i bestand kan over tid òg gi visse positive utslag for trafikktryggleiken. Vidare er det lagt vekt på ei målretta avskyting som skal bidra til å betre den generelle kondisjonen i bestanden og sikre ei meir balansert kjønns- og alderssamansetjing.

År	Kalv	1,5 års bukk	1,5 års kolle	Eldre bukk	Eldre kolle
2026-28	30%	15%	18,3%	11,7%	25%

På dette grunnlaget vurderer kommunen avskytingsplanen som eit føremålstenleg verkemiddel for å nå dei fastsette forvaltningsmåla i planperioden.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Overføring av fellingstillatelser mellom år

Jf. § 16 i forskrift om forvaltning av hjortevilt skal godkjenning av bestandsplanen innehalda informasjon om moglegheita for overføring av eit avgrensa tal fellingsløyve mellom år i perioden. Miljødirektoratet antydgar i rettleiaren (M-478) til forskrifta at ei årleg overføring på inntil ti prosent av fellingsløyva normalt kan akseptierast av kommunen. Det bør berre unntaksvis akseptierast ei høgare overføring enn 10 %.

Det blir godkjent 10% overføring mellom år i bestandsplanperioden.

Fråvik minsteareal

Kommunen skal vere restriktiv ved tildeling av løyve til fråvik frå minstearealet. Slike fråvik kan ikkje forventast innvilga utan at det ligg føre eit generelt høgt uttak i valdet, dokumenterte beiteskadar, eller andre særlege tilhøve.

Innanfor grensene til valdet er det kjende utfordringar med beiteskadar på både innmark og planta skog som følgje av hjort. Det har òg vore fleire trafikkulykker knytte til hjort i området. Dei siste åra har valdet hatt eit høgt uttak.

På bakgrunn av dette vurderer kommunen at det føreligg tilstrekkeleg grunnlag for å innvilge fråvik frå minstearealet.

Kvotefri jakt på hjortekalv

Valda kan søkje om kvotefri jakt på hjortekalv ved å følgje denne lenka:

<https://bjornafjorden.kommune.no/landbrukskontoret/vilt-og-utmark/viltforvaltning/soknad-om-kvotefri-jakt-pa-hjortekalv/>

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til Bjørnafjorden kommune, og vi vil sende saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland dersom vedtaket ikkje blir endra.

Du kan bruke denne lenka for å sende inn din klage

https://skjema.bjornafjorden.kommune.no/skjema/BFK0348/Klage_p_kommunalt_enkeltvedtak.

I klagen skal det gå fram kva vedtak det blir klaga på og kva endringar ein ønsker, og klagen bør ha ei nærmare grunngjeving og andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klagen.

Dersom du ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet du får grunngjevinga.

Med vennleg helsing

Simon Wolff

Linda Hovde Nordås



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Landbrukssjef

Rådgjevar - Landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Avskytingsplan- 2026-2028

Nore Fusa Viltlag - Bestandssplan 2026-2028 - Oppdatert 11 06 2026